

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

---

### Evaluering av omlegging av fv 567 gjennom Hosanger

#### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i nota frå fylkeskommunedirektøren dagsett 11.08.2021 når det gjeld evaluering av omlegging av fv 567 gjennom Hosanger og seier seg ferdig med saka.

#### Samandrag

Kontrollutvalet har handsama fleire gonger sak om at det ikkje er gjort evaluering av omlegginga til ca 50 mill kr av fv 567 gjennom Hosanger. Denne saka er ei vidare oppfølging av saka.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådjear

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne underskrift*

#### Vedlegg

- 1 Statusmelding til kontrollutvalet per august 2021 - Fv 567 Hosanger sentrum

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I samband med handsaming av «RS 18/19 Statens vegvesen evaluerer ikkje omlegginga til ca 50 mill kr av fv 567 gjennom Hosanger» i møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 07.05.2019 vart det gjort slikt vedtak:

*«Kontrollutvalet ber konst. fylkesrådmann skriftleg orientere til neste møte om sitt syn på saka og om, og i tilfelle kva som er gjort/vil verta gjort frå Hordaland fylkeskommune si side i saka. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 23.05.2019.»*

På bakgrunn av vedtaket over handsama kontrollutvalet saka i møta 12.06.2019, 02.09.2019 og 25.11.2019, der det i siste møte vart protokollert dette:

*«Konst. fylkesrådmann i Hordaland fylkeskommune, Ingrid Holm Svendsen, prosjektleiar/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune, Rune Haugsdal, fylkesdirektør samferdsel, Håkon Rasmussen, frå samferdselsavdelinga, Jon Martin Jakobsen, frå Statens vegvesen, Grete Vikane, og frå Statens vegvesen, Siri Kropelin Bernås orienterte om sitt syn på evalueringa av omlegging av fv. 567 gjennom Hosanger og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.*

*Fylkesrådmann Rune Haugsdal konkluderte med at dei vil rette opp det som kan karakteriserast som manglar i høve inngåtte kontraktar for dei 19 punkta det er stilt spørsmål ved. Det kom også fram at ein ser at prosjektstyringa på dette vegprosjekt, og andre vegprosjekt ikkje har vore god nok, jf. forvaltningsrevisjon Hordaland fylkeskommune - Planlegging av investeringar frå 2016.*

*Kontrollutvalet oppmodar om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, til første møte i 2020 i det nye kontrollutvalet, sender til utvalet ei skriftleg vurdering når det gjeld manglar i høve inngåtte kontraktar for dei 19 punkta som det er stilt spørsmål ved.*

*Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.*

1. *Kontrollutvalet oppmodar om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, til første møte i 2020 i det nye kontrollutvalet, sender til utvalet ei skriftleg vurdering når det gjeld manglar i høve inngåtte kontraktar for dei 19 punkta som det er stilt spørsmål ved.*
2. *Det vert oppmoda om at det skriftlege svaret vert å sende sekretariatet innan 27.01.2020.*
3. *Informasjonen vart elles teken til orientering.»*

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har handsama oppfølging av denne saka 4 gonger tidlegare, siste gong i møte 15.02.2021 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg statusrapportering når det gjeld vidare oppfølging av det som gjeld gråsteinsmuren til første møte i utvalet etter sumarferien 2021*
2. *Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet innan 31.08.2021.*

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

### Vurderingar og verknader

På bakgrunn av vedtaket over har vi motteke vedlagte notat frå fylkeskommunedirektøren dagsett 11.08.2021. Av notatet går det fram at arbeidet no er ferdig gjennomført slik det går fram av bilder på side 2 i notatet. Kontrollutvalet bør på bakgrunn av dette vera nøgd med arbeidet som er gjort og seie seg ferdig med saka.

### Konklusjon

Som konklusjon på det som kjem fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i notat frå fylkeskommunedirektøren dagsett 11.08.2021 når det gjeld evaluering av omlegging av fv 567 gjennom Hosanger og seier seg ferdig med saka.